

Stord kyrkjelyd

Årsrapport

2025



« Livet i fokus, nær Gud - nær menneske »
- visjon Stord kyrkjelyd

2025 har vore eit år med kjekke gudstenester og god aktivitet i soknet. I årsrapporten kan ein lesa meir om arbeidet i kyrkjelyden, forfatta av ulike aktørar. Her er ein oversikt over dei ulike årsmeldingane som inngår i årsrapporten:

Innhald

| | |
|--|----|
| Kyrkjeleg statistikk..... | 2 |
| Årsmelding 2025 – Soknerådet | 3 |
| Hjelpesendinga til Cuba er framme!..... | 4 |
| Årstankar frå soknepresten i Stord for året 2025 | 7 |
| Årsmelding 2025 - Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning..... | 8 |
| Årsmelding 2025 – Diakoni..... | 10 |
| Årsmelding 2025 - Kyrkjemusikk | 12 |
| Årsrekneskap 2025 | 13 |
| Annan informasjon for årsberetninga | 17 |

Kyrkjeleg statistikk

| STORD | 2019 | 2021* | 2022* | 2023 | 2024 | 2025 |
|--------------|---------|---------|---------|---------|---------|---------|
| Døypte | 114 | 119 | 101 | 97 | 91 | 98 |
| Konfirmerte | 124 | 118 | 102 | 114 | 137 | 119 |
| Vigsler | 17 | 11 | 33 | 24 | 20 | 29 |
| Gravferd | 95 | 88 | 104 | 121 | 95 | 100 |
| Gudstenester | 77 | 119 | 91 | 85 | 83 | 76 |
| Deltakarar | 19 538 | 7 457 | 10 193 | 11 828 | 13 486 | 14 493 |
| Takkoffer | 512 226 | 197 925 | 274 284 | 272 246 | 349 860 | 347 028 |
| Utmelding | 45 | 51 | 49 | 43 | 36 | 39 |
| Innmelding | 4 | 4 | 7 | 14 | 8 | 13 |

**) 2020-2022 har vore prega av korona-restriksjonar og er såleis ikkje heilt samanliknbar med andre år. Me hadde m.a. ekstra gudstenester i periodar for å få til det vi ønskte, t.d. konfirmasjonar, 4-årsgudstenester, dåpsgudstenester etc.*

Årsmelding 2025 – Soknerådet

I løpet av kyrkjeåret 2025 har det skjedd mykje kjekt i Stord sokn. Me ser framleis ein oppgang i både deltakarar og takkoffer-inntekter og opplever at det er mange gode tilbakemeldingar på det som skjer i kyrkja vår.

2025 kjem til å verte hugsa for misjonsprosjektet vårt og den ekstra innsatsen med å sende ei hjelpesending til den lutherske kyrkja på Cuba. Gjennom vinteren og våren samla me inn store mengder klede, sko, sykklar, leikar og møbler som vart sendt med container på båt på våren. Prosjektet har bidrege til eit stort engasjement både i kyrkja og lokalsamfunnet, og det har vore mange kjekke dugnadsøker med godt fellesskap! Sjå eige kapittel i årsmeldinga om dette.

Soknerådet handsama 54 saker ila sine 9 møter. På møtene har soknerådet m.a. invitert tilsette til å presentere og drøfta aktiviteten innan ulike tenesteområder. Rådet har og vedteke å ta i bruk Solidus for registrering av gjevarar for å gjere det enklare å gi, enklare å følge opp gjevarar og for å kunne tilby skattefradrag på alle gåver. Dette vert innført i 2026.

Sunnhordland prosti har sagt at 2025 og 2026 vert «ungdomsår» og ungdomsarbeid har difor også vore tema dette året. Me ønskjer starte eit ungdomsråd og sende ungdommar på Vegkryss.

Andre kjekke ting som har skjedd i 2025 er m.a. møtehelg m/Per Arne Dahl (februar), Salmar på Osvald (fleire gonger), kyrkjelydsleir på Brandøy (oktober) og Stallen på Amfi i desember.

Rådet deltok og på fellessamling med Nysæter sokneråd og tilsette i september, på Stord Hotell – med fokus på samhandling og rolleforståing, blant anna med introduksjon til Enneagrammet.

Det har og vore kjekke samlingar med Søndagskaffi og Pizza og Quiz i kyrkjestova. Vi set stor pris på aktiviteten som skjer der og å ha eit tenleg hus til ulike type samlingar. Sommaren 2025 vart det og gjort ein ekstra dugnadsinnsats for å gjere plass til meir bord/stolar framme ved scenen. Kjekt å sjå samhaldet og innsatsviljen til alle som var med! Me arbeider framleis med moglegheiter for tomt til eit nytt kyrkjelydshus, men det har så langt ikkje lukkast å få tilgang på naudsynt areal. Arbeidet fortset inn i 2026, medan givartenesta til Kyrkjestova har gjort at foreininga nærmar seg eigenkapital på 2 millionar.

Soknerådet retter ein stor takk til tilsette og frivillige medarbeidarar som er med å leggje til rette for gode møter mellom menneske, Gud og kyrkja!

Me gler oss til å ta fatt på 2026 og vil fortsetje å arbeide for gode gudstenester og tilhøyrande fellesskap i året som kjem.

Anders Dahl - soknerådsleiar

| Stord sokneråd (pr 31.12.2025) | | | |
|--------------------------------|-----------------------------|---------------|--------------------|
| Sokneprest | Jørgen Knudsen | 1.vara | Dag Kjetil Lægheid |
| Leiar | Anders Dahl | 2.vara | Runar Isdahl |
| Nestleiar | Sigrid Beate Tveit Eskeland | 3.vara | Åslaug Leiknes Nag |
| Rådsmedlem | Leif Steinar Alfsvåg | 4.vara | Njål Rune Sortland |
| Rådsmedlem | Magne Andresen | 5.vara | Gjertrud Husøy |
| Rådsmedlem | Kirsti Angvik Frugård | | |
| Rådsmedlem | Knut Johannes Gram | | |
| Rådsmedlem | Randi Agnete Nysæter | | |
| Rådsmedlem | Dag Sele | | |

Hjelpesendinga til Cuba er framme!

Lurer du på korleis det gjekk med alt vi samla inn og sende til Cuba? Her kan du lese meir om kva som skjedde etter sjølve innsamlinga på Stord – og sjå bilete frå utdelinga på Cuba.

Vinteren 2024/2025 samla Stord sokn og samarbeidskyrkjelydane inn 200 sekkar med klede, 25 sekkar med sko, nærare 70 sykklar, 70 kassar med leiker, 70 ulike barnemøblar og om lag 180 000 kroner til å dekke frakta av ein container til Cuba. Normisjon sikra i tillegg finansiering på om lag 240 000 kroner (m.a. frå Det lutherske verdsforbundet og den tyske økumeniske komiteen) til kjøp av matvarer som vart sendt med containeren.



Siste helga i mars vart alle varene flytta frå lageret på Heiane og inn i containeren. Ei misforståing hos speditøren gjorde at vi måtte byte container, men ein positiv dugnadsgjeng klarte flyttinga på to timar! Deretter gjekk ferda vidare til Bergen, der matvarene vart lasta om bord. Containeren vart forseglad og klargjord for sjøtransporten.



Det tok litt tid å få dei siste godkjenningane frå cubanske styresmakter, men dei kom på plass dagen før avreise 18. april – med signatur frå sjølvaste handelsministeren på Cuba. Sidan det ikkje finst direkterute frå Bergen til Cuba, stoppa containeren både i Tyskland og på Jamaica. Først i juni kom båten fram til Santiago. Då stod det framleis att nokre lokale godkjenningar og tollklarering – og ikkje minst måtte dei vente til det var bensin til å frakte containeren vidare. Slik er livet på Cuba.

Tidleg i juli fekk dei opna containeren i Santiago, men alt måtte først lastast av i hamna for tollklarering før transporten kunne gå vidare til kyrkja. Alt vart godkjend. Venting og ekstraarbeid er ikkje kjekt for nokon, men gleda var stor då varene endeleg kom fram og kunne delast ut til dei som trong det.



I vekene etterpå har vi kunna følgje utdelinga gjennom ulike rapportar på den cubanske kyrkja si Facebook-side. Oppdateringane viser at det er delt ut klede, mat, sykklar og anna både til kyrkjelydane i Santiago de Cuba og Guantánamo by – og til mange samarbeidskyrkjer aust på Cuba. Vi ser òg at fleire av syklane alt er i bruk blant ungdommane i hovudkyrkja, og både leiker og klede har blitt delt ut m.a. til ei sjukehusavdeling med kreftsjuke born og til eit prosjekt for heimlause ungar.



Den cubanske kyrkja takkar både Gud og oss som lutherske sysken i trua for hjelpesendinga og det ho får å seie for dei som tek imot.



I ei takkebøn frå biskop emeritus Ismael Laborde heiter det m.a. «Vi takkar deg for at du har rørt hjartene til dei norske brørne som har vore involverte i promotering, mottak, organisering og sending av denne gåva. Velsign kvar einaste glade givar som har gjort denne handlinga av godleik mot IEU mogleg, som ein del av det cubanske folket. Til arrangørane av mottak og sending av containeren: Takk, Gud velsigne dykk! No vil Gud leie distribusjonen, slik at alt vert gjort på ein ordna måte. Takk, takk, takk, Gud. Amen»

Årstankar frå soknepresten i Stord for året 2025

Så var det tid for ny årsmelding frå soknepresten i Stord. Nok eit innhaldsrikt år ligg bak, og det er nyttig å sjå seg attende eit augneblink før ein går vidare

Året som gjekk har bydd på mykje fint. Flotte møter med einskildmennesker i glede og i sorg, godt gudstenestefellesskap, og hardt arbeid for å få unna det ein er pålagt med dei økonomiske og personellmessige rammene ein har.

Prestestaben har i løpet av året endra seg. Runar Larsen jobbar med student og ungdomsprosjekt godt støtta av nye-prosten Arild Steinsland. Det har vist seg vanskeleg å finne forma på dette arbeidet, særleg overfor studentar. Fridleif Lydersen flytta i løpet av oktober og Olav Oma tok over stillinga i Nysæter frå 01.01.26. Det vart ein travel seinhaust for oss som var att, sjølv om vi fekk inn noko vikarhjelp. No framover vert det å byggje nytt presteteam.

Konfirmantundervisninga er i godt gjenge. Vi har funne ein form og ei arbeidsfordeling som fungerer greit innan dei rammene vi har.

Statistikktala kan vere ei sanning med atterhald, men den gjev eit delvis overblikk over arbeidet i Stord kyrkjelyd. Nokre variablar har vi ikkje innverknad på, og måten vi tel på endrar seg. Oppdraget vårt kan ikkje målast i tall eller volum. Kvaliteten på det vi gjer kan heller ikkje målast i tal. Men det er hyggeleg lesing å sjå at det er fin vekst på fleire målepunkt, t.d. tal nattverdsgjestar som fortsatt stig merkbar. Det seier oss noko om at vi rekk ut.

Engasjementet rundt t.d. kyrkjekaffi etter gudstenesta seier meir om både måloppnåing og opplevd kvalitet rundt arbeidet vårt etter mi meining. Der ser eg mange blide menneske, høyrer lyden av den gode samtalen, ser kyrkjelyden sin omsorg for den einskilde i praksis og møter mange gode smil og varme handtrykk

Nytt sokneråd har jobba seg godt saman, og eg opplever at vi jobbar systematisk med både små og store saker. Fokus på friviljuge og arbeid med visjon for soknet er store saker som treng lang tid på å gjerast ferdig. Planarbeidet er forutsigbart og i god samhandling med stab og dei enkelte tenesteoppdraga ein har der.

Det gjer godt å sjå alle dei frivillige som står på. Det er mange gode og ivrige medarbeidarar som brettar opp ermene og tek eit tak når det trengs. Vi er ivrige, så det vil alltid kjennast som om vi har for få friviljuge. Då er det viktig å minne kvarandre om å vere takksame for dei kreftene og moglegheitene vi har fått av han som er oppdraget og tenesta sin herre.

Særleg gjer det meg stolt å sjå kyrkjelyden sitt Cuba-prosjekt vel i hamn. Her var både kyrkjelyd og lokalsamfunn i aksjon for å sende av garde ein container med praktisk hjelp til vennskapskyrkja vår på Cuba i regi av Normisjon. Det er eit viktig arbeid både for avsendar og mottakar

I 2025 hadde vi og fellesmøter saman med representantar frå Leirvik bedehus. Per Arne Dahl var med oss i ei innhaldsrik og god helg der tema var «livet vil oss noko». Det var godt å kjenne på fellesskapet og fint å sjå engasjementet og gleda over å stå saman. Mange la ned ein stor innsats for å realisere dette prosjektet

Måtte han som byrja ei god gjerning i oss, fullføre den heilt til Jesu Kristi dag!

*Jørgen Knudsen
Sokneprest i Stord*

Årsmelding 2025 - Trusopplæring og kyrkjeleg undervisning

Gjennom kontinuerlege samlingar, enkeltsamlingar og i gudstenester har me gjennom leik, song og musikk, lystenning, bøn, bibellesing og undervisning lært om trua vår. Sjølv om me òg driv med noko teoretisk undervisning, ynskjer me å leggja vekt på at «trua vert til medan ein gjer», slik prest Stian K. Aarebrot skildrar det i boka «Kunsten å forme livet».

Gjennom konkrete handlingar, vanar og truspraksisar kan trua både verta til og styrkjast.

Tilsette i kyrkjeleg undervisning og læring:

Ved starten av 2025 var det to tilsette i undervisningsavdelinga, som til saman fylte opp 1,6 av dei 2,6 årsverka ein har i undervisningsavdelinga. Det var einingsleiar Solbjørg Hope Angeltveit i 100% stilling og kyrkjelydspedagog Elisabeth Søndenaå Oma i 60% stilling. I februar vart Elisabeth Moldestad tilsett som kyrkjelydspedagog i 40% stilling. Elisabeth Søndenaå Oma gjekk ut i sjukemelding og deretter morspermisjon frå og med mars. Elisabeth Moldestad auka over tid opp stillinga si, og har frå og med august vore tilsett i 50% stilling. Sigrid Theodorsen Langøy har bidrege på timebasis der ho har hatt pølsefest i Nysæter sokn, og var på vårsemesteret med på òi konfirmantgruppe i Stord sokn.

Det har altså, i år som i fjor, vore mykje endringar i tilsettsituasjonen i undervisningsavdelinga, og ein har heile året vore i ein underbemanningssituasjon. Det lukkast heller ikkje å få inn nokon i vikariatet/deltidsstillinga som var utlyst for vakanse i stillingar.

Undervisningsutval:

Undervisningsutvalet avgjorde på første møte i 2025 at dei ynskja å dela seg soknevis, og ikkje lenger ha felles møteverksemd. Dette då ein syntes ein fekk betre utbytte av å dela seg, då ein på denne måten kunne planleggja meir konkret på vegne av sitt sokn. Utvalsmedlemmer frå Stord har dette året vore: Sigrid Beate Tveit Eskeland og Åslog Leiknes Nag. Sigrid Beate vart på haustsemesteret valt til leiar av undervisningsutvalet.

Kontinuerlege tiltak gjennom heile året:

Dei kontinuerlege tiltaka som har vore gjennomført i laupet av året har vore babysong, pølsefest og konfirmantar.

Babysong er eit velfungerande tiltak der det stadig kjem nye innom gjennom heile året. Her har det totalt vore 60 babyar med mor/far innom i laupet av året, med gjennomsnittleg 13 babyar for kvar samling. Vårsemesteret vart avslutta med songstund på Knutsaåsen omsorgssenter, og haustsemesteret vart avslutta med songstund på Stord sjukeheim. Dette har vorte ein fin tradisjon!

Pølsefest (1-10 år) er òg eit godt innarbeidd tiltak med musikkstund, bibelforteljing og sjølvsagt pølser etterpå. Her har det vore alt frå 17 – 41 born på samlingane. På vårsemesteret var det totalt 81 born innom i laupet av semesteret, medan det på hausten var totalt 51 born.

I mai vart 119 **konfirmantar** konfirmerte i Stord, medan det i august kom 118 nye spente konfirmantar til presentasjonsgudsteneste. Denne hausten har ein hatt ei helgesamling på haustsemesteret òg for alle konfirmantane i Stord og Nysæter. Det vart sær fine samlingar (inndelt skulevis) med tema «*forfulgte kristne, bibel og tru*». Me har òg hatt eit auka fokus på læring gjennom musikk denne hausten, der konfirmantane har fått kvar si treiningssalme (ei for kvar skule) som dei jobbar ekstra med. Både med tekstinnhald, og med førebuing til fasteaksjonskonsert til våren. Det har vore ein sær fin gjeng med ungdommar, både dei som vart konfirmerte på våren, og det noverande kullet. Dei som vart konfirmerte i vår hadde mange fine tilbakemeldingar på konfirmantevalueringa, der eg må trekkja fram tre av svara kring spørsmålet «*Kva har du lært i konfirmanttida? Om trua og om deg sjølv?*». Konfirmantsvar: «*Eg synest det kjekkaste har vore den varierte undervisninga – nokre gonger teoretisk og andre*

gonger praktisk, til dømes bønnevandring i kyrkja», «At Gud betyr mykje for meg. Eg har funne trua i Gud» og «I løpet av samlingane har eg følt meg nærmare Gud og eg fekk bruke meir av tida mi med trua». Det er fint å få tilbakemeldingar om at konfirmantane trivst med det opplegget me tilbyr dei – og at dei kjenner at dei får noko meiningsfylt ut av det.

Her & Der (12-15 år), som er eit felles tiltak mellom Stord og Nysæter, har dette året vore inaktivt. Her jobbar utvala kontinuerleg med å få tak i nye frivillige til å starta opp att tiltaket.

Enkeltsamlingar i laupet av året:

Breiddetiltaka som har vore gjennomført dette året har vore Lys vaken, Kode B, Tårnagentar, Førsteklasses, Fireårsbok og Misjon (Amigoskveld). Både Lys vaken, Kode B, Tårnagentar og Misjon vart i hovudsak drive av frivillige i år. Dette med varierende bistand frå kyrkjelydspedagogar i forkant til utsending av invitasjonar, kjøp og administrering av utstyr, og rettleiing ifht. program og utføring av nokre av aktivitetane. **Lys vaken** vart gjennomført i januar, der 25 stk. 12-åringar deltok. Det var totalt 14 frivillige og 4 ungdommar (3 konfirmantar) som òg var med å bidrog på Lys vaken-helga. I mars kom 8 av dei som hadde vore med på Lys vaken tilbake på **Kode B** samling i Kyrkjestova Fredheim, der dei fekk læra meir om både NT og GT, og den store tidslinja i Bibelen vart ein suksess. I april var det **Tårnagent-helg** med samling på laurdagen og Tårnagent-gudsteneste på søndagen. Her var det totalt 19 born som deltok i laupet av desse to dagane. Det var engasjerte agentar, både med skattejakt på laurdagen og med deltaking i ulike oppgåver under gudstenesta på søndagen. I september var det **Misjonssamling (Amigoskveld)**, der både 9- og 10-åringar vart invitert denne gongen. Det kom 12 born, der halvparten av desse var 9-åringar som hadde vore med på Tårnagent-helg på våren. Her fekk dei vera med på «tur» til Cuba og læra meir om både misjon og misjonsprosjektet til Stord sokn. Både **Førsteklasses og Fireårsbok** vart gjennomført i familiegudstenester der kyrkjelydspedagogar var med. **Førsteklasses** vart gjennomført ein søndag etter skulestart i august. Her kom det kun 6 stk. 6-åringar. Det har kome tilbakemeldingar på at dette arrangementet kolliderte med eit idrettsarrangement på øya denne dagen, der det òg var aktivitetar for denne målgruppa. I september var det klart for **Undretur og Fireårstur** der 25 fireåringar kom på **Undretur** i kyrkja på laurdagen og 36 fireåringar kom på gudsteneste med utdeling av **Fireårsbok** på søndagen. Under gudstenesta var òg 4 konfirmantar med å hjalp til.

Samarbeid med barnehagar og skular:

Tradisjonen tru hadde me i november/desember både julevandringar med alle barnehagane i kommunen og skulegudstenester for alle barne- og ungdomsskulane i kommunen. Me er særst takksame for at alle barnehagane og skulane i kommunen vår ynskjer å nytta seg av dette tilbodet – noko dei verkar å gjera med den største sjølvfølge. Her er det alltid stor oppslutnad, og det har kome særst mange gode tilbakemeldingar i etterkant, både skriftleg og munnleg, frå både born, føresette og tilsette ved dei ulike institusjonane. Dette er ein tradisjon som vert satt stor pris på av mange, og kommentaren «God jul, sjåast til neste år» var ein gjengangar i denne tida. Barnehagevandringane fungerer òg som ein døropnar for born som ikkje plar å gå i kyrkja. Der dette tiltaket kan vera med på å skapa eit ynskje om å få komma til kyrkja oftare, til dømes på tiltak som pøsefest.

Til slutt ein stor takk til alle dei frivillige medarbeidarane som har vore med å bidrege på ulikt vis til at me har kunna laga til mange fine samlingar med born og unge i soknet vårt dette året. Det har vore til stor hjelp og vert sett utruleg stor pris på!

Solbjørg Hope Angeltveit

Einingsleiar – Kyrkjeleg undervisning og læring

Årsmelding 2025 – Diakoni

Diakonitenesta har ein viktig plass i kyrkja vår. Diakoni er å tena, å vera Guds hender på jord. Å lindra og hjelpa der urett, smerte, nød og mørke rår. Guds kyrkje er oss, Guds barn og folk som er kalla til å tena kvarandre slik Gud ønskjer at vi skal gjera. Diakoni er Guds kjærleik på jord, i ord og handling.

1.Johannes kap.4, v. 7-11:

«Mine Kjære, lat oss elska kvarandre, for kjærleiken er frå Gud, og kvar den som elsker, er fødd av Gud og kjenner Gud. Den som ikkje elsker, har aldri kjent Gud, for Gud er kjærleik. I dette vart Guds kjærleik openberra mellom oss, at han sende sin einborne Son til verda så vi skulle ha liv ved han. Ja, dette er kjærleiken, ikkje at vi har elska Gud, men at han har elska oss og sendt sin eigen Son til soning for syndene våre. Mine kjære, har Gud elska oss så, då skyldar og vi å elska kvarandre».

Året 2025 var eit godt år for den diakonale tenesta både i Nysæter og Stord sokn. Det var fleire diakonale oppgåver/hendingar der menneske møtte kvarandre, der menneske fekk hjelp, der kyrkja viste kjærleik både i ord og handling.

Diakoniutvalet er eit felles utval for Stord og Nysæter sokn. Desse var med i utvalet i 2025:

Frå Stord sokn: Signe Wiersen Vorland og Runar Isdahl.

Frå Nysæter: Ida Elin Hatlevik Tvedt og Kjetil Eldøy.

Soknediakon Olaug Gloppen hadde 60 % stilling i 2025.

Diakoniutvalet sine tenester i 2025:

Delta på møta i diakoniutvalet, ansvar for open kyrkje i Stord ein gong i månaden, delta på gudsteneste oskeonsdag 5.mars i Nysæter kyrkje, vere til stades og- ha ansvar ved kyrkjekaffi i Stord kyrke 17.mai, ha ansvar for- og delta på diakoniens dag i Nysæter 19.oktober, ha ansvar for- og delta på minnegudstenesta i Stord kyrkje 2.november, ha ansvar for- og delta på open kyrkje i romjula 28.desember.

Soknediakonen sine oppgåver 2025:

- Open kyrkje i Stord. Stort sett 1 gong i månaden. (ikkje i juni, juli og august). Soknediakonen er hovudansvarleg for open kyrkje i Stord.
- Blomehelsingar/ kontakt med etterlatne etter dødsfall. Ho har besøk etter avtale med dei etterlatne.
- Sorggruppe. Soknediakonen leier sorggruppe 1 gong i månaden. Våren 2025 var Marta Kristine Valvatne med som leiar i lag med diakon. Hausten 2025 var Marit Johnsen medleiar. Sorggruppa har hatt frå 6– 9 personar i gruppa og hatt 9 samlingar.
- Andaktar på institusjonane. Soknediakonen er hovudansvarleg for andaktane på institusjonane og held nokre andaktar sjølv.
- Nattverdsmøter på Stord sjukeheim og Knutsaåsen omsorgssenter. Nattverdsmøter for bebuarar som ønskjer nattverd. Nokre gonger nattverd på rommet til bebuarar. (soknebud)
- Soknebud etter avtale. (Nattverd i heimen)
- Sjelesorgsamtalar.

- Oppfølging etter krisesituasjonar. Deltaking ved nokre gravferder.
- Deltaking på gudstenester: Diakoniens dag, minnegudsteneste, gudsteneste oskeonsdag, innsettjing av prost Arild Steinsland, gudsteneste i samarbeid med Leirvik bedehus, taizegudsteneste.
- Leiar/skrivar på diakoniutvalsmøter. Samarbeid med diakoniutvalet i deira oppgåver/tenester.
- Delta på fagdagar for diakonar i Bjørgvin bispedøme.
- Fellessamlingar for stab, råd og utval for Stord og Nysæter sokn.
- Kirkens Nødhjelp sin fasteaksjon.
- Kontorarbeid. Etter behov og nokre dagar heimekontor.
- Delta på styremøter for koret «Happy». Koret «Happy» er eit kor for menneske med funksjonsnedsetjing. Diakonen er med i styret for koret som representant i frå kyrkja. Koret er eit samarbeidsprosjekt med Røde kors.
- «Stallen»: I adventstida ønskjer kyrkjelydane å synleggjera kvifor me feirer jul. «Stallen» er eit prosjekt med fleire frivillige, som både praktisk- og med å vere til stade ved stallen, gjer dette mogleg. I år på Amfisenteret. Diakon er med i planlegging og tilrettelegging av frivillige. På Heiane storsenter er det i adventstida ei krybbe med same føremål.
- Anna: Ein del oppgåver for diakonen er ikkje planlagt på førehand.

Når ein ser på alt som skjer etter avtale i tillegg til «faste» oppgåver både i Stord og Nysæter sokn, er diakonien levande, Mykje skjer for menneske i alle aldersgrupper. Mykje trusopplæring er samanfallande med diakoni. Det meste vi gjer i ord og handling for menneske som treng «ei hand å halda i», er kvardagsdiakoni der menneske møtest. Saman er me ei levande kyrkje, der omsorg for kvarandre synleggjer Guds kjærleik og ønskjer for oss alle: nåde og rettferd. Diakoni er «kyrkja si livspust». Då Jesus vaska disiplane sine føter skjærtorsdag, gav Han oss ein veg å gå i møte med kvarandre.

Guds signing over den diakonale tenesta i Stord og Nysæter sokn!

Med helsing

Soknediakon Olaug Irene A. Gloppen.

Årsmelding 2025 - Kyrkjemusikk

Det har vore eit gildt år!

Forsongargruppa

Ein kan framleis vera forsongar på tilfeldig basis på gudstenester i Stord. Salmar til komande søndag vert publisert i Facebook-gruppa «Forsongarteneste i Stord kyrkje», der ein melder om ein kan vera med eller ikkje.

Tilbakemeldingar frå fleire i kyrkjelyden er at det er fint når gruppa er synleg framme ved koret, og gjerne med ein mikrofon slik at dei kan høyrast. Arbeidet held fram.

Andre musikarar og ensemble i gudstenesta

Andre musikarar har òg bidrege i gudstenesta: bass, djembe, saksofon, trompet og mMokkat vokalensemble. Nokon happeningar å nemna er festgudstenesta m/ Per Arne Dahl den 9. mars, gudstenesta 16. mars då mMokkat vokalensemble hadde ei aktiv liturgisk rolle, samt jazzgudstenesta 6. april.

Åge Østrem held fram som fast trompetist under konfirmasjonsgudstenestene, og elles 1. påskedag og 1. juledag.

Noah Wibe
Kyrkjemusikar

Årsrekneskap 2025

Stord sokn si rekneskapsføring vert handtert av Stord kommune som ein del av tenesteytinga kommunen gjer for kyrkja. Soknerådet har motteke endeleg årsrekneskap per 31.12.2025 den 22.februar 2026 og ventar på revisorfråsegn.

Økonomien i soknet gjekk i 2025 i pluss pga. mindre kostnader enn budsjettet knytt til eige arbeid og at ein slapp nytta innsamla midlar til finansiering av ekstra musikarar.

- Inntektene frå takkoffer er på kr 347 028,- utanom fasteaksjonen, herav kr 82 597,- gjeld innbetalingar til hjelpesendinga til Cuba. Når ein korrigerer for dette ser vi ein nedgang i andre takkofferinntekter frå året før.
- Soknet si faste givarteneste går til Kyrkjestova Fredheim. Det er totalt kome inn kr 189 500,- gjennom denne ordninga i 2025. Det er ein nedgang frå året før. Det har og vore fleire takkoffer øyremerka Kyrkjestova, som har gitt kr 29 184,- i gåver. Takk til alle som gir!
- Resultatet for soknet sin økonomi i 2025 er eit overskot (mindreforbruk) på kr 39 872,- når ein korrigerer for avsette midlar (bunde fond) til dekning av Cuba overføring.
- **Stord sokn har ein eigenkapital på kr 574 149,- per utgangen av året.**
- Det er to særskilde postar for året 2025 som er omtala nedanfor, nemleg økonomien knytt til møtehelga i mars og innsamlinga til hjelpesending Cuba. I tillegg er det utgifter knytt til tidleg-prosjektering av mogleg kyrkjelydshus på kr 30 000,-.

MØTEHELG: Stord sokn handterte økonomien i møtehelga som vart arrangert i mars 2025, saman med Leirvik bedehus. Overskotet frå helga var øyremerka innsamlinga til hjelpesending til Cuba. Dei 10 000kr i sponsorinntekter vart innbetalt til fellesrådet i 2025, men ikkje overført til soknerådet før i 2026, og er difor ikkje med i rekneskapen til Stord sokn for 2025. Tabellen under viser endeleg resultat for møtehelga.

| Møtehelg 2024 | |
|-----------------------------|-------------------|
| Inntekter | Beløp (kr) |
| Kollekt (8. og 9.mars) | 81 476,62 |
| Sponsing annonser | 10 000,00 |
| Totalt inntekter | 91 476,62 |
| Kostnader | Beløp (kr) |
| Annonsering | 10 687,82 |
| Husleie, Leirvik bedehus | 4 500,00 |
| Honorar, Per Arne Dahl | 20 500,00 |
| Honorar, Øystein L. Olafsen | 7 500,00 |
| Andre utgifter | 11 594,00 |
| Totalt kostnader | 54 781,82 |
| Resultat | 36 694,80 |

I rekneskapen viser det inntekter på kr 75 235,- og ikkje kr 91 476,-.

Avviket gjeld dei 10 000kr som ikkje er overført frå fellesrådet, pluss to takkoffer på kr 4340,- og kr 2250,- som er rekneskapsført som inntekter til Cuba-prosjektet og ikkje mot møtehelga.

CUBA INNSAMLING: Innsamlinga til Cuba hjelpesending har prega økonomien for soknet i både 2024 og 2025. Me er særst takksame for alle som bidrog med både ting og pengar til hjelpesendinga. Her er ein oversikt over dei innsamla midlane:

| Hjelpesending Cuba | | | | |
|---|------------------|--------------------|-------------------|------------------------------------|
| | 2024 | 2025 | Total | |
| Inntekter | | | | |
| Takkoffer / innsamling i 2024 | 58 050,00 | - | 58 050,00 | herav 56 850kr avsett i bunde fond |
| Gåve ifm prosteavskjed | | 2 000,00 | 2 000,00 | |
| Takkoffer / innsamling i 2025 | | 80 596,58 | 80 596,58 | |
| Berekna overskot møtehelg 8-9 mars | | 40 630,00 | 40 630,00 | |
| Berekna inntekt per 25.mars | 58 050,00 | 123 226,58 | 181 276,58 | Grunnlag for overføring Normisjon |
| Korrigering av resultat møtehelg | | - 6 608,00 | - 6 608,00 | |
| Ny berekning per 10.april | 58 050,00 | 116 618,58 | 174 668,58 | |
| | | | | |
| Kostnader | 2024 | 2025 | Total | |
| Overført Normisjon for frakt og kjøp av mat | | 181 276,58 | 181 276,58 | |
| Betalt ut for mye til Normisjon | | 40 770,09 | 40 770,09 | Feil utbetalningar |
| Tilbakebetalt fra Normisjon | | - 47 378,09 | - 47 378,09 | Korrigering av feil + differanse |
| Totalt kostnader / utbetaling | - | 174 668,58 | 174 668,58 | |
| | | | - | |
| Resultat | 58 050,00 | - 58 050,00 | - | |

Det vart gjort ei førebels berekning av totalt innsamla beløp 25.mars som vart bekrefte til Normisjon som grunnlag for kjøp av mat. Evt avvik frå dette berekna beløpet skulle verte justert i takkofferinntekter til ordinært misjonsprosjekt utover året. Endeleg resultat var klart i april og vart grunnlag for motrekning. Ved oppgjer av rekneskapen for 2025 viste det seg at kostnadane vart enda noko mindre enn ein trudde (pga bortfall av mva). Det er ikkje gjort ei ny korrigering etter dette vart oppdaga.

Soknet har i tillegg samla inn ca 75 000 kr til misjonsprosjektet utanom hjelpesendinga (dvs innsamla til ordinært misjonsprosjekt som betalast inn til Normisjon som støttar den lutherske kyrkja på Cuba med løn til prestar, kursverksemd mm). Totale inn- og utbetalningar for misjonsprosjektet visast samla i rekneskapen, med følgande nedbryting:

| Inntekter | 2025 |
|---|-------------------|
| Innsamling Cuba | 80 596,58 |
| Takkoffer under møtehelga, ført som Cuba | 6 590,00 |
| Andre takkoffer i 2025 | 75 042,88 |
| Totale inntekter Cuba | 162 229,46 |
| | |
| Kostnader | 2025 |
| Kostnader ifm hjelpesendinga til Cuba | 175 895,57 |
| Ordinært misjonsprosjekt (Normisjon Cuba) | 73 324,35 |
| Totale kostnader Cuba | 249 219,92 |

Avviket mellom inn- og utbetalningar i takkoffer skyldast gebyr for VIPPS-betalningar.

| Driftsregnskapet | | | |
|--|-------------------|-----------------|-----------------|
| Tall i 1 kroner | Regulert budsjett | | |
| | Regnskap 2025 | 2025 | Regnskap 2024 |
| INNTEKTER | | | |
| Brukerbetaling, salg, avgifter og leieinntekter | -199 650 | -250 000 | -214 700 |
| Andre tilskudd, gaver, innsamlende midler | -463 293 | -380 800 | -392 078 |
| Sum driftsinntekter | -662 943 | -630 800 | -606 778 |
| UTGIFTER | | | |
| Kjøp av varer og tjenester | 79 193 | 103 500 | 87 724 |
| Tilskudd og gaver | 635 093 | 592 600 | 475 365 |
| Sum driftsutgifter | 714 286 | 696 100 | 563 088 |
| Brutto driftsresultat | 51 344 | 65 300 | -43 689 |
| Renteinntekter og utbytte | -34 366 | -30 000 | -29 101 |
| Netto finansinntekter/-utgifter | -34 366 | -30 000 | -29 101 |
| Netto driftsresultat | 16 978 | 35 300 | -72 790 |
| INTERNE FINANSIERINGSTRANSAKSJONER: | | | |
| Bruk av udisponert fra tidl. år (mindreforbruk) | 0 | 0 | -65 105 |
| Bruk av disposisjonsfond | 0 | -15 300 | 0 |
| Bruk av bundne fond | -56 850 | -20 000 | 0 |
| Sum bruk av avsetninger | -56 850 | -35 300 | -65 105 |
| Avsatt til disposisjonsfond | 0 | 0 | 65 105 |
| Avsatt til bundne fond | 0 | 0 | 56 850 |
| Sum avsetninger | 0 | 0 | 121 955 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk (overskudd) | -39 872 | 0 | -15 940 |
| Regnskapsmessig merforbruk (underskudd) | | 0 | |

| Balanseregnskapet | | |
|---------------------------------|-----------------|-----------------|
| Tall i 1 kroner | Regnskap 2025 | Regnskap 2024 |
| EIENDELER | | |
| Anleggsmidler | 0 | 0 |
| Omløpsmidler | 791 816 | 667 808 |
| Kasse, postgiro, bankinnskudd | 791 816 | 667 808 |
| SUM EIENDELER | 791 816 | 667 808 |
| EGENKAPITAL OG GJELD | | |
| Egenkapital | -574 149 | -591 127 |
| Disposisjonsfond | -534 277 | -518 336 |
| Bundne driftsfond | 0 | -56 850 |
| Regnskapsmessig mindreforbruk | -39 872 | -15 940 |
| Gjeld | | |
| Langsiktig gjeld | 0 | 0 |
| Kortsiktig gjeld | -217 667 | -76 682 |
| Annen kortsiktig gjeld | -217 667 | -76 682 |
| SUM EGENKAPITAL OG GJELD | -791 816 | -667 808 |

| Beskrivelse | Budsjett 2025 (Hele året) | | Rekneskap pr 31.12.25 | | Rekneskap pr 31.12.24 | |
|--|------------------------------|----------------|-----------------------|----------------|-----------------------|----------------|
| | Inntekt | Kostnad | Inntekt | Kostnad | Inntekt | Kostnad |
| Total | 660 800 | 696 100 | 697 309 | 714 286 | 635 879 | 563 088 |
| Overføring Fellesråd - Diakoni og trusopplæring | 10 800 | 10 800 | 2 933 | 2 758 | 9 125 | 9 438 |
| Deltakarbetalning | - | - | - | - | - | - |
| Konfirmantar, fest, mat o.l. | - | - | - | - | - | - |
| Takkoffer til Trusopplæringa | - | - | - | - | - | - |
| Takkoffer til diakoniarbeidet | 10 800 | - | 2 933 | - | 9 125 | - |
| Overføring trusopp./diakon/egenbet til FR | - | 10 800 | - | 2 758 | - | 9 438 |
| Takkoffer og givarteneste til andre | 245 800 | 264 800 | 279 695 | 359 295 | 260 258 | 212 175 |
| Takkoffer til eksterne organisasjonar | 64 800 | 64 800 | 76 436 | 68 465 | 106 219 | 109 976 |
| Takkoffer/innsamling fasteaksjonen | 50 000 | 50 000 | 41 030 | 41 611 | 42 218 | 49 895 |
| Takkoffer/innsamling misjonsprosjektet | 131 000 | 150 000 | 162 229 | 249 220 | 111 821 | 52 304 |
| Kyrkjelydshus / Kyrkjestove | 277 000 | 307 000 | 218 684 | 218 258 | 243 369 | 244 702 |
| Givertjeneste - Kyrkjestova | 250 000 | 250 000 | 189 500 | 189 463 | 214 700 | 210 650 |
| Takkoffer til kyrkjestova | 27 000 | 57 000 | 29 184 | 28 795 | 28 669 | 34 052 |
| Kyrkjelydsarbeid | 94 800 | 66 000 | 176 285 | 119 975 | 94 313 | 53 774 |
| Takkoffer til kyrkjelydsarbeidet | 48 600 | - | 39 984 | - | 59 412 | - |
| Barne- og ungdomsarbeid (ikkje Trusopplæringa) | 16 200 | 10 000 | 16 550 | - | 5 800 | - |
| Møtehelg | - | - | 75 235 | 54 782 | - | 4 050 |
| Arrangement med billettinntekter | - | - | - | - | - | - |
| Arrangement utan billettinntekter | - | 5 000 | 10 150 | 10 000 | - | - |
| Diakonale tiltak (i regi av SR) | - | 3 000 | - | - | - | - |
| Mat, serveringsutgifter, kyrkjekaffi o.l. | - | 8 000 | - | 9 424 | - | 8 646 |
| Informasjonsarbeid (annonser, blad, flyers) | - | 5 000 | - | 1 000 | - | - |
| Innbu, utstyr, bøker | - | 2 000 | - | - | - | 1 920 |
| PC-utstyr, lyd-utstyr | - | 10 000 | - | 1 752 | - | 15 200 |
| Kunst, utsmykking, tekstil, liturgisk utstyr | - | - | - | - | - | - |
| Vedlikehald innbu/utstyr | - | - | - | - | - | - |
| Tilskot/stønad til lag og organisasjonar | - | 10 000 | - | - | - | 5 000 |
| Velferdstiltak, gåver o.l. | - | 2 000 | - | 1 736 | - | 713 |
| Diverse, andre utgifter | - | - | - | 30 765 | - | 12 077 |
| Kurs, Døgnet o.l. | - | 5 000 | - | - | - | - |
| Renteinntekter | 30 000 | - | 34 366 | - | 29 101 | - |
| Gebyr bank | - | 6 000 | - | 10 516 | - | 6 168 |
| Kyrkjeblad | - | - | - | - | - | - |
| Kyrkjemusikalsk arbeid / Arrangement | 32 400 | 47 500 | 19 711 | 14 000 | 28 815 | 43 000 |
| Takkoffer til kyrkjemusikalsk arbeid | 32 400 | - | 19 711 | - | 28 815 | - |
| Kyrkjemusikalsk arbeid ved kontor | - | 47 500 | - | 14 000 | - | 43 000 |
| Prosjektmidlar | - | - | - | - | - | - |
| Resultat (overskot / underskot) | -35 300 | | -16 978 | | 72 790 | |
| <i>Takkoffer/innsamling totalt</i> | <i>380 800</i> | <i>331 800</i> | <i>347 028</i> | <i>346 480</i> | <i>349 860</i> | <i>200 382</i> |
| Disponeringar til balansen | 35 300 | - | 56 850 | 39 872 | - | 72 790 |
| Underskot dekkja av midlar i ubunde fond | 15 300 | - | - | - | - | - |
| Overskot overført til ubunde fond | - | - | - | 39 872 | - | 15 940 |
| Bruk av øyremerka midlar (bunde fond) | 20 000 | - | 56 850 | - | - | - |
| Øyremerka midlar (bunde fond) til seinare bruk | - | - | - | - | - | 56 850 |
| Resultat etter disponering (skal vere 0) | 0 | | 0 | | 0 | |

Annan informasjon for årsberetninga

Som del av årsberetninga gir Stord sokn og informasjon om:

a) den faktiske tilstanden når det gjeld kjønnslikestillinga, herunder kjønnsfordelinga i styrande organ

Valordninga i Den norske kyrkja inneber at kjønnsfordelinga i soknerådet avgjerast gjennom direkte val, kvart fjerde år, sist i 2023. Det er krav om 40 prosent representasjon av begge kjønn ved listene til val av sokneråd. I tillegg er soknepresten fast medlem i rådet.

Stord sokneråd har i denne perioden 6 menn og 3 kvinner blant dei faste medlemene, dvs. ei fordeling med 67% menn og 33% kvinner.

b) eventuelle likestillingstiltak som er iverksett og som planleggast iverksett for å fremme likestilling uavhengig av kjønn

Det er ikkje påbegynt arbeid med førebuing av kandidatar til neste soknerådsval i 2027 enno. Soknerådet har vedteke mandat for underutval til soknerådet der det står at «Det er ønskjeleg at begge kjønn er representert».

c) eventuelle avgrensingar når det gjeld tilgang til eigne aktivitetar, styrande organ, verv eller stillingar som har samanheng med eitt eller fleire diskrimineringsgrunnlag

Det er ikkje utøvd avgrensingar til råd, utval eller frivillige tenester i soknet med bakgrunn i diskrimineringsgrunnlag.

d) eventuelle segregerte aktivitetar eller tilbod

Det har ikkje vore gjennomført aktivitetar i regi av soknet i 2025 som har vore avgrensa til eitt kjønn eller utelukka deltakarar på anna diskrimineringsgrunnlag.